



Bacheloroppgave

ADM650 Jus og administrasjon

"Den digitale forma må byggje på tillit"

- Studentar og fagansvarlege sine vurderingar av digital korttidsheimeeksamen.

Elisabeth Birkeli & Mette Daldorff Jensen

Totalt antall sider inkludert forsiden: 42

Molde, 20.05.2021



Obligatorisk egenerklæring/gruppeerklæring

Den enkelte student er selv ansvarlig for å sette seg inn i hva som er lovlige hjelpemidler, retningslinjer for bruk av disse og regler om kildebruk. Erklæringen skal bevisstgjøre studentene på deres ansvar og hvilke konsekvenser fusk kan medføre. Manglende erklæring fritar ikke studentene fra sitt ansvar.

Du/dere fyller ut erklæringen ved å klikke i ruten til høyre for den enkelte del 1-6:		
1.	Jeg/vi erklærer herved at min/vår besvarelse er mitt/vårt eget arbeid, og at jeg/vi ikke har brukt andre kilder eller har mottatt annen hjelp enn det som er nevnt i besvarelsen.	<input checked="" type="checkbox"/>
2.	Jeg/vi erklærer videre at denne besvarelsen: <ul style="list-style-type: none">• ikke har vært brukt til annen eksamen ved annen avdeling/universitet/høgskole innenlands eller utenlands.• ikke refererer til andres arbeid uten at det er oppgitt.• ikke refererer til eget tidligere arbeid uten at det er oppgitt.• har alle referansene oppgitt i litteraturlisten.• ikke er en kopi, duplikat eller avskrift av andres arbeid eller besvarelse.	<input checked="" type="checkbox"/>
3.	Jeg/vi er kjent med at brudd på ovennevnte er å <u>betrakte som fusk</u> og kan medføre annullering av eksamen og utestengelse fra universiteter og høgskoler i Norge, jf. Universitets- og høgskoleloven §§4-7 og 4-8 og Forskrift om eksamen §§14 og 15.	<input checked="" type="checkbox"/>
4.	Jeg/vi er kjent med at alle innleverte oppgaver kan bli plagiatkontrollert i URKUND, se Retningslinjer for elektronisk innlevering og publisering av studiepoenggivende studentoppgaver	<input checked="" type="checkbox"/>
5.	Jeg/vi er kjent med at høgskolen vil behandle alle saker hvor det forligger mistanke om fusk etter høgskolens retningslinjer for behandling av saker om fusk	<input checked="" type="checkbox"/>
6.	Jeg/vi har satt oss inn i regler og retningslinjer i bruk av kilder og referanser på biblioteket sine nettsider	<input checked="" type="checkbox"/>

Personvern

Personopplysningsloven

Forskningsprosjekt som innebærer behandling av personopplysninger iht.

Personopplysningsloven skal meldes til Norsk senter for forskningsdata, NSD, for vurdering.

Har oppgaven vært vurdert av NSD?

ja nei

- Hvis ja:

Referansenummer: 661394

- Hvis nei:

Jeg/vi erklærer at oppgaven ikke omfattes av Personopplysningsloven:

Helseforskningsloven

Dersom prosjektet faller inn under Helseforskningsloven, skal det også søkes om forhåndsgodkjenning fra Regionale komiteer for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk, REK, i din region.

Har oppgaven vært til behandling hos REK?

ja nei

- Hvis ja:

Referansenummer:

Publiseringsavtale

Studiepoeng: 15

Veileder: Turid Aarseth

Fullmakt til elektronisk publisering av oppgaven

Forfatter(ne) har opphavsrett til oppgaven. Det betyr blant annet enerett til å gjøre verket tilgjengelig for allmennheten (Åndsverkloven. §2).

Alle oppgaver som fyller kriteriene vil bli registrert og publisert i Brage HiM med forfatter(ne)s godkjenning.

Oppgaver som er unntatt offentlighet eller båndlagt vil ikke bli publisert.

Jeg/vi gir herved Høgskolen i Molde en vederlagsfri rett til å gjøre oppgaven tilgjengelig for elektronisk publisering:

ja nei

Er oppgaven båndlagt (konfidensiell)?

ja nei

(Båndleggingsavtale må fylles ut)

- Hvis ja:

Kan oppgaven publiseres når båndleggingsperioden er over?

ja nei

Dato:

FORORD

Høsten 2018 begynte vi begge på jus og administrasjon ved Høgskolen i Molde. Motivasjonen låg då på jus faget, likevel forelska vi oss raskt i organisasjonsteori, samfunnsvitskap, globalisering og evaluering. forelesarane opna ei dør til kunnskap innan fleire emne med ein djupare samanheng. Vi har no kunnskapen til å sjå samfunnet i eit større perspektiv. Dette har bygd ein stabil grunnmur for oss og vår framtid på arbeidsmarknaden. Likevel kan vi ikkje legge skjul på at vi har ein lang veg å gå. Som forelesarane alltid er flinke til å minne oss på, finnes det alltid rom for lærdom og utvikling, både personleg, akademisk og i praksis.

Evaluering er eit sentralt fag for lærdom. Vi kan nytte faget på alle fagfelt, og vi sitter alltid igjen med ny kunnskap. Evalueringsfaget gir oss kompetansen til å sjå effekten av organisasjonsendring, politiske val, samfunnsendring og endring på det globale nivået, vi kan sjå på kvifor organisasjonar, enkeltpersonar og andre forfatningar gjer som dei gjer, og ikkje minst; å til slutt sitte med kunnskap om kva ein kan gjere annleis for å oppnå eit betre resultat.

Inspirasjonen til val av Bachelor oppgåva kjem av ei tidlegare evalueringsoppgåve, som var vanskeleg å legge frå seg med spørsmålet om kva resultatet hadde vert om den vart gjennomført. Dette spørsmålet trenger vi ikkje å stille lenger. Tusen takk til alle interessentane som gjor dette mogeleg. Tusen takk til Høgskolen i Molde for samarbeidet. Ein ekstra spesiell takk til Turid Aarseth, som ikkje berre har vegleia oss med god kritikk og gode kommentarar, men som og har vert ein stor motivasjonskjelde.

Innhold

1.1	INNLEIING OG PROBLEMSTILLING.....	1
1.2	EVALUERING OG ORGANISASJONSENDRING.....	2
1.3	TEORI.....	3
2.0	VAL AV EVALUERINGSMODELL.....	3
2.1.1	MODELL OG DESIGN.....	3
2.1.2	MODELL	3
2.1.3	INTERESSENTMODELLEN	4
2.1.4	SUMMATIV EVALUERING	4
2.1.5	KRITERIUM	5
3.0	METODE	5
3.1.1	UNDERSØKINGSOPPLEGG.....	6
3.1.2	VAL AV METODE	6
3.1.3	KVALITATIV METODE OG GJENNOMFØRING.....	7
3.1.4	REKRUTTERING	9
4.0	JURIDISKE OG ETISKE UTFORDRINGAR.....	9
5.0	ANALYSE AV DATA.....	12
5.1	VURDERING AV DIGITALKORTIDSHEIMEEKSAMEN (DKH).....	12
5.2	EKSAMENSFØREBUINGAR.....	13
5.3	VURDERING AV EKSAMENSGJENNOMFØRING	15
5.4	RESULTAT	18
5.5	ORGANISASJONGJENNOMFØRINGA	20
5.6	INNSPEL TIL FORBETRINGAR OM DKH SKULLE BLI EIT PERMANENT TILTAK	22
6.0	OPPSUMMERING, DRØFTING OG KONKLUSJON	24
7.0	VIDARE FORSKING	28
8.0	REFERANSER	29
9.0	Vedlegg	30
9.1.1	VEDLEGG 1: SAMTYKKJEERKLÆRING	30
9.1.2	VEDLEGG 2: INTERVJUGUIDE	33

1.1 INNLEIING OG PROBLEMSTILLING

Smittsame sjukdommar har alltid eksistert, men globalisering gjer dette til eit større og meir omfattande problem. Vi lever i ei tid der informasjon, kontakt og transport er ein del av kvardagen vår. Som geografen David Harvey sa: tid og rom komprimerast (Meaghan 2006, s. 129). COVID-19 pandemien må forståast på bakgrunn av ei slik komprimering.

Den 12. mars 2020 annonserte verdens helseorganisasjon Covid-19 som ein pandemi. Verdas helseorganisasjon definera omgrepet som ein verdsomspennande epidemi på tvers av landegrensar (WHO, 2011). For å minske spreiding av viruset, var det behov for rask nedstenging av samfunnet – også i Noreg. Same dag som pandemien vart annonsert, måtte alle som kunne, arbeide og studere frå heimane. Dette var ein ny situasjon for mange organisasjonar, og kan ha ført til endringar i måten ein utfører oppgåvene på. I denne oppgåva vil vi utforske korleis fysisk stenging av universitet og høgskular fekk konsekvensar for gjennomføring av eksamen ved Høgskulen i Molde (HIM).

På kort varsel måtte dei planlagde skuleeksamenane våren 2020 erstattast med digital korttidsheimeeksamen. Frå før hadde HIM erfaring med nettundervisning og digital levering av arbeidskrav og heimeeksamen. Heimeeksamen er tidlegare gjennomført innan eit tidsrom på dagar til veker, der studenten har tilgang til faglitteratur og skal vise forståing og evne til å bruke kunnskapen. Ved sidan av heimeeksamen har det gjerne vore ein skuleeksamen med meir fokus på å teste den teoretiske kunnskapen til studenten, utan tilgang til hjelpemiddel. Konkret har digital skuleeksamen gått føre seg på den måten at studentane lastar ned ei eigen programvare som stengjer tilgang til eksternt nett. Det nye ligg altså i gjennomføringa av eksamen skjer heime og med høve til å bruke alle hjelpemiddel

Vi tek som utgangspunkt at fagansvarlege og studentar er dei gruppene som er mest råka av omlegginga til digital korttidsheimeeksamen (DKH). Begge gruppene måtte tilpasse seg ein ny kvardag, men på ulik måte. Studentane har alltid hatt eit eiga ansvar for å lære og prestere, men har kriseløysinga påverka korleis tilhøve mellom studiearbeid og eksamensprestasjon vert opplevd? Faglærarane kan på si side ha vorte utfordra på måten dei til vanleg tenkjer rundt eksamensoppgåver og tidsbruk.

Det skulle vise seg at omlegginga av eksamensordningane våren 2020 også vart vidareført til studieåret 2020/2021. DKH, der studentane sjølv vel kor dei fysisk vil opphalde seg under eksamen og der dei kan bruke alle hjelpemiddel, inngår våren 2021 i høgskulekvardagen både for studentar og faglærarar. På denne bakgrunn har vi formulert fylgjande problemstilling:

Korleis vurderer studentar og fagansvarlege sterke og svake sider ved digital korttidsheimeeksamen?

Sjølv om vår oppgåve er avgrensa til HIM, er digitalisering og fråvær av krav til fysisk oppmøte samfunnsaktuelt – både generelt og i samband med COVID-19. Vår problemstilling vil verte utforska ved hjelp av ein kvalitativ studie, som er informert av både organisasjons- og evalueringsteori. Bakrunnen til dette er å utforske korleis vurderingane av DKH er blant studentane og fagansvarlege, der også måten HIM sette i verk endringane, vert satt lys på. Empirisk er oppgåva avgrensa til Avdeling for økonomi og samfunnsvitskap (ØS), og det er gjennomført i alt åtte kvalitative intervju. Metodisk opplegg og val av einingar er gjort greie for i metodedelen.

1.2 EVALUERING OG ORGANISASJONSENDRING

For å fange opp vurderingane til studentane og dei fagansvarlege har vi gjennomført eit evalueringsprosjekt. Formålet er å oppnå auka kunnskap om problemstillinga, som forhåpentlegvis kan nyttast for å vidareutvikle DKH. Kort kan ein seie at evaluering handlar om å beskrive og vurdere. Likevel er evaluering eit fleksibelt omgrep; «if asked for a definition of evaluation, the attempted answer might be seen as a never-ending story” (Furubo og Standahl 2002 s.2, i Tornes 2012 s. 18). Evalueringsslitteraturen består av ei rekkje modellar, design, teoriar, kriterium og metodar (Tornes, 2012, s. 44) I eit evalueringsprosjekt må det takast eksplisitte val i høve til kva som er målet med evalueringa. I vårt prosjekt er vi opptekne av å måle korleis studentar og fagansvarlege vurderer sterke og svake sider ved DKH. I neste del vil vi sjå nærmare på korleis teoretiske perspektiv på organisasjonar og evaluering kan hjelpe oss med å ta val når det gjeld eit undersøkingsopplegg som kan sikre slik kunnskap.

1.3 TEORI

Covid-19 pandemien representerer endringspress på ei rekkje organisasjonar, også HIM. Endring har funne stad når ein kan samanlikne den same organisasjonen på to ulike tidspunkt, der tidspunkta visar ulikt resultat. Det finnes ingen klar definisjon på kva som er betrakta som ei endring. “På den ene siden får vi et problem med å definere klart hvor stor forskjell det må være på de to tidspunktene for at vi skal kunne definere det som at endring har funnet sted” (Jacobsen, 2018 B, s. 19). Når det gjeld spørsmål om endra eksamensformer, kan ein stille spørsmål om dette er ei drastisk organisasjonsendring (revolusjon) eller ein justering i organisasjonen (evolusjon).

2.0 VAL AV EVALUERINGSMODELL

2.1.1 MODELL OG DESIGN

Ein modell avgjer kva data som skal innhentast, og av denne grunn, kva kunnskap evalueringa skal basere seg på (Vedung 1998; Dahler-Larsen og Kongstrup 2004; Dahler - Larsen 2006; Tornes, 2012, s. 45). Kunnskapen evalueringa, av DKH, skal basere seg på er vurderingane til dei fagansvarlege og studentane. For å vidare velje den rette modellen må vi leggje til grunn forskingsdesign. Forskingsdesignet, også kalla undersøkingsopplegg, skal belyse problemstillinga. Designet av evalueringsprosjektet vil her basere seg på ein modell som tek utgangspunkt i studentane og dei fagansvarlege, ein metode som kan framheve vurderingane, og datainnsamling som tek omsyn til å bevare dette. Designet formar seg vidare i løpet av evalueringa.

2.1.2 MODELL

Hanne Foss Hansen (2005) skil mellom seks ulike typar evalueringsmodellar: Resultatmodellar, systemmodellar, prosessmodellar, økonomiske modellar, programteorimodellar og aktørmodellar. Kunnskapen vi skal innhente er opplevinga og vurderingane til studentar og faglærarar. Aktørmodellen er tilpassa innhenting av denne kunnskap og fokuset ligg på kunden. Det er derfor denne modellen vi tek nytte av. Vidare del aktørmodellen seg inn i tre undermodellar; brukarmodellen, interessemodellen og fagfellemodellen. Desse skil seg frå kvarandre gjennom aktørromsynet

2.1.3 INTERESSENTMODELLEN

Oppfatningar og synspunkt til interessentane er utgangspunktet i interessemodellen. Interessentane i denne modellen vil vere dei som har ein interesse i eller blir råka av tiltaket. (Tornes, 2012, s.129). Det er to ulike grupper som er høgst aktuell ved undersøkinga av krisetiltaket; studentane og dei fagansvarlege. Brukarmodellen går mykje ut på det same, men innan interessentmodellen har man fleire grupper ein forskar på. På bakgrunn av dette, skal vi ta nytte av interessemodellen.

Ein vanleg framgangsmåte i denne modellen er å legge til grunn for bekymring og saker (Vedung 2003 i Tornes 2012 s. 130). Bekymring er her eit tema eller ein interesse interessentane har til felles. Her er bekymringane 'eksamen'. Saker kan vere ein påstand interessentane ikkje er einige om; her kan det vere f.eks. DKH er meir praktisk enn skuleeksamen. Grunnen til at ein vel å starte med dette er for å starte diskusjon og få fram sanne meiningar. Dette er ein stor del av datainnsamlinga, ettersom ein oftast ser datainnsamling i form av interaktiv søking. Dette betyr at vi som evaluatarar er ute etter interessentanes personlege tankar rundt tema. Datainnsamling er noko vi kjem tilbake til på metode delen. Vi skal ta nytten av den felles bekymringa rundt DKH

Ved å nytte interessentmodellen får vi moglegheita til å oppnå ein djupare innsikt i interessenten sine vurderingar. Ved å både ha studentane og fagansvarlege som interessentar ekskludera det moglegheita for at ei gruppe blir høyrte meir enn andre. I staden får ein høve til å samanlikne vurderingane som vert gjort, og slik eit meir ope perspektiv på kva som er godt eller dårleg ved DKH.

Interessentmodellen har også sine negative sider på grunn av at opplegget kan bli svært omfattande. Ved å komme så nære på fleire ulike interessentar, krevst det mykje arbeid med innhenting og omarbeiding av data. Forma for datainnsamling skal vi komme tilbake til.

2.1.4 SUMMATIV EVALUERING

Ved val av modell må ein ta omsyn til tidsdimensjonen. I evalueringslitteraturen blir det gjerne skilt mellom å evaluere samstundes som eit tiltak blir gjennomført, eller i om vurderinga skjer i ettertid. Dette er kalla formativ (undervegs) og summativ (i ettertid) evaluering. Når ein vel å gjennomføre ei formativ evaluering vil ein nytte ein modell som tek utgangspunkt i prosess og er open for endringar undervegs. Vi skal evaluere eit tiltak i ettertid, altså gjennomføre ei summativ evaluering. Her er vi ute etter å sjå resultata av

organisasjonen si endring av måten eksamen vert gjennomført på i etterkant, slik våre to interessentgrupper vurderer DKH. Summativ evaluering vil derfor vere i samsvar med vår problemstilling.

2.1.5 KRITERIUM

Eit viktig element ved evaluering er å vurdere. «Vurderingsdelen gjør det påkrevd med en verdi eller et mål som kan tjene som et kriterium for hva som skal ansees som et positivt resultat.» (Tornes, 2012, s. 53). For å kunne vurdere må ein samanlikne. Her må vi sjå forskjellen mellom vurderinga til studentane og dei fagansvarlege i tida før krisetiltaket og i ettertid av krisetiltaket. For å vere meir spesifikk; samanlikne vurderinga av vanleg skuleeksamen i høve til vurderinga av DKH. Samanlikning gjer det mogeleg å trekke ut kva som vart oppfatta som sterke og svake sider. Som nemnt treng ein kriterium om kva som skal rekne som eit positivt resultat. Kriterium må derfor veljast ut i frå målet med problemstillinga og kva for evalueringsmodell som vert lagt til grunn.

Brukars interessekriterium legg vekt på at det sentrale vurderingsgrunnlaget er spørsmålet om kunden er nøgd med tiltaket. (Tornes, 2012, s. 56). Vi er her ute etter å oppnå kunnskap om vurderingane av krisetiltaket til studentane og dei fagansvarlege. Vi er altså ute etter ‘kunde’-opplevinga, noko både brukars interesse kriterium og aktørmodellen fremmer. Evaluator kan likevel støyte på problem angående dei ulike oppfatningar frå dei ulike ‘kundane’: «folks oppfatningar av hva som er bra eller mindre bra, «kommer an på...»» (Tornes, 2012, s. 57).

Oppsummert kan vi seie at vårt prosjekt tek utgangspunktet i at endring av eksamensordningar vert forstått som ei organisasjonsendring. Vidare har vi valt å ta utgangspunkt i ei summativ evaluering ut frå ein interessentmodell. Meir konkret vil det tyde at vi skal forstå sterke og svake sider på bakgrunn av interessentane sine eigne kriterium.

3.0 METODE

“Samfunnsvitenskaplig metode er snevert definert den håndverksmessige siden av vitenskaplig virksomhet, eller mer presist læren om de verktøy en kan benytte for å samle

inn informasjon” (Aarseth, 2012, s. 139). Metoden er derfor eit verktøy for å samle informasjon til problemstillinga. Denne typen informasjon er her omtalt som data.

3.1.1 UNDERSØKINGSOPPLEGG

I metodelæra blir det til vanleg skilt mellom kvalitative (intensive) og kvantitative (ekstensiv) tilnærmingar. Ved intensivt undersøkingsopplegg vil ein gå meir i djupna. Her vel ein fleire variablar og få einingar. Ekstensivt undersøkingsopplegg har på si side få variablar og fleire einingar. Einingar er det som blir forska på, som her er studentane og dei fagansvarlege. Det kjem fordelar og ulemper ved begge undersøkingsopplegga. Medan intensiv undersøkingsopplegg kan føre til låg representativitet, men eit djupare perspektiv, kan ekstensivt undersøkingsopplegg føre til at resultatet blir “verklegheitsfjernt” og «umulig å fange alle nyanser» (Jacobsen, 2018 A, s. 91), men med høg representativitet.

Med utgangspunkt i fordelane og ulempene må vi velje kva som vil gi oss best mogleg svar på problemstillinga. Problemstillinga omhandlar vurderinga DKH. HIM har stor breidde i studieprogramma, frå profesjonsutdanningar innan helse- og sosial til meir disiplinretta program i økonomi, samfunnsfag og logistikk. Studentar som reknar personinntekt kan ikkje tale for studentar som skal ta eksamen i fysiologi og anatomi eller som skal diskutere politiske ideologiar i sin eksamen. På same måte er det vanskeleg for ein forelesar som skal leggje opp til ein digital matteeksamen, å tale for nokon som skal sette opp ein digitaleksamen i treningsteori. Representativitet i høve til fagspesifikke utfordringar kan derfor bli utfordrande i eit slikt prosjekt. Samstundes er vi ute etter ein djupare forståing av vurderingane til studentane og dei fagansvarlege, noko intensivt undersøkingsopplegg gjev høve til. Men det inneber å gjere val og ikkje ha som ambisjon å få fram heile breidda i erfaringane.

3.1.2 VAL AV METODE

Etter å lagt til grunn undersøkingsopplegg, må ein velje den rette metoden for å innhente relevant data. Det finnes to hovud typar; kvantitativ og kvalitativ metode. Hovudskiljet ligg i den ulike metoden for innhentinga av data. Medan den kvantitative metoden samlar data i form av tal, samlar den kvalitative metoden data i form av ord. Interessentmodellen er valt med utgangspunkt i problemstillinga. Denne modellen fremmar fagansvarlege og studentar

sine sanne opplevingar og tankar rundt DKH. Ved val av metode må det takast omsyn til å bevare dette.

Kvalitativ metode er nytta for å oppnå djupna i dataen. Dette fremmer målet som er «å få den undersøkte oppfatning, formidlet gjennom egne ord» (Jacobsen, 2018 A, s. 129). Ved denne tilnærminga er det ikkje lagt til grunn noko spesifikt evaluator er ute etter. Tankane til dei enkelt interessentane vil her bli framheva som individuelle. Med dette kan en sei at «De får fram den «riktige» forståelsen av et fenomen eller en situasjon» (Jacobsen, 2018 A, s. 129). Her oppnår ein nyanserikdom med dei ulike opplevingane. Desse ulike opplevingane gjer det mogeleg for evaluator å vere fleksibel med problemstillinga. Poenget er at etterkvart som undersøkinga går føre kan problemstillinga skifte ut ifrå informasjonen ein får. Undersøkingssopplegg og datainnsamlingsmetoden, og kva som skal inkluderast i slutt rapporten kan også endrast ut i frå dette, designet vil derfor bli utvikla etter kvart (Tornes, 2012 s.130). Den kvalitative metoden er oftast sett i intensivt opplegg grunna dens få einingar. Kvalitativ metode kan vere svært omfattande og har fleire ulemper. Vi skal no vidare gå inn på korleis vi skal nytte den kvalitative tilnærminga og bestmogleg unngå ulempene.

3.1.3 KVALITATIV METODE OG GJENNOMFØRING

Det finnes fleire måtar å innhente data ved den kvalitative tilnærminga; innsamling av primær data, observasjon, opent individuelt intervju og gruppeintervju (Jacobsen, 2018 A, 145). På grunn av smittesituasjonen ville vi unngå å samle fleire personar på eit område. Samstundes ville vi fremme den enkelte personen sine vurderingar utan påverknad frå andre, noko som kan skje ved eit eventuelt gruppeintervju. Vi har derfor valt å gjennomføre individuelt intervju.

Det individuelle intervjuet er tidskrevjande, vi har tatt utgangspunkt i 8 interessentar sine vurderingar. Dette vart likevel ikkje eit større problem. Intervjua hadde en snitt-tid på 30 minutt, samstundes som at tilpassinga til interessentens tid ikkje var eit problem. Dette kan ha samanheng i at vi alle tilhøyrar same institusjon, med liknande 'arbeidstider'.

Tidsaspektet vart tatt i betraktning ved oppstarten av prosjektet. Vi valte derfor å komme, så tidleg som mogeleg, i gang med intervjua. Sjølv om vi starta gjennomføringa i byrjinga av mars, tre månadar før ferdigstilling av prosjektet, opplevde vi utfordringar med tidsaspektet. Bakgrunnen til dette skal vi komme nærare inn på under rekruttering.

Kvalitativ metode er valt med formål om å bevare interessenten sine sanne opplevingar og tankar. Likevel vil ikkje intervjuet alltid oppfattast som kvalitativt om ein vel å nytte pre-strukturering (Jacobsen, 2018 A, s. 149). Om ein vel å gjennomføre intervjuet utan struktur, opnar dette for at interessentane kan snakke fritt rundt problemstillinga. Sjølv om pre-strukturering kan verke motseiande mot vårt formål, vil dette skape en betre samanlikningsgrunnlag. Pre-struktureringa vi tok nytte av bestod av fem hovud tema som interessentane skulle snakke fritt rundt, middelstrukturgrad. Samstundes nytta vi eit par førehandslaga ledande-spørsmål, om det oppstod behov for å spore interessenten tilbake på tema.

Hovudsakeleg ynskte vi å kunne gjennomføre ‘ansikt til ansikt’ intervju, på grunn av tillit og flyt i samtalen (Jacobsen, 2018 A, s. 147). Smittesituasjonen gjorde til at vi innførte telefon, Zoom eller Skype intervju som ei kriseløysing. Ut i frå dei 8 intervju, var det to intervju som vart gjennomført over zoom. Sjølv om denne forma ikkje er kjend for å ha den same intervju-effekten som ansikt-til-ansikt, opplevde vi ikkje dette som eit problem. Bakgrunnen til dette er truleg eit eksisterande tillitsforhold, gjennom kjennskap, mellom interessenten og oss som evaluatarar. Dei resterande intervju vart gjennomført ved HIM. Høgskulen opptredde som ein nøytral møtestad for intervjuet. Anonymiteten vart oppretthaldt ved å gjennomføre intervju på reserverte grupperom / områder.

Av personvernsmessige årsaker valte vi å nytte skribent i staden for opptak under intervju. Vi er to evaluatarar, der den eine opptredde som skribent, medan den andre ‘leda’ intervjuet. Vi var førebudd på at det kunne oppstå ulemper med å ved å nytte skribent. Under intervju var vi oppteken av fleire pausar, og nytta god kommunikasjon ved behov for gjentaking.

Gjentaking har også ein annan betydning i gjennomføringa av intervju. Gjentaking av intervju er noko som førekjem der ein vil skape ein djupare innsikt i kva interessenten tenkjer. Hammersley og Atkinson (1987) meina at eingongsintervju gir eit manglande tillitsforhold mellom intervjuar og intervju subjektet. Under intervju opplevde vi eit stabilt tillitsforhold med intervju subjektet. Dette kan ver på grunn av kjennskapen til dei fagansvarlege og studentane. Men også at vi, som studentar, opplever same endring i gjennomføring av eksamen. Det føreligg derfor eit grunnleggande tillitsforhold. Ulemper kan likevel oppstå ved at det føreligg eit for nært forhold til interessentane. Dette kan føre til usanne opplysningar, på grunn av innverknad frå oss, denne utfordringa kjem vi tilbake til under etiske problemstillingar. Likevel opplevde vi ikkje dette, men heller ein lettare flyt i samtalen.

3.1.4 REKRUTTERING

I undersøkingsopplegget la vi vekt på at djupne er nødvendig for å oppnå korrekte og best moglege svar på problemstillinga. Vi har ikkje kapasiteten til ein større mengde interessentar, valet av ulike fagområde var derfor viktig for å nå eit 'større' spekter av tankar. Vi har avgrensa oppgåva til fire studentar og fire fagansvarlege ved avdelinga økonomi og samfunnsfag. For å oppnå ein djupare forståing på ein 'større' skala har vi valt respondentar frå kvar av linjene; Jus og administrasjon, Sport mangment, Logistikk og Økonomi. Ettersom at vi utforskar vurderingar av DKH, må det ligge eit grunnlag for erfaring med tidlegare eksamen. Tidlegare eksamen er blitt gjennomført på skulen utan hjelpemidlar, eller langtidsheimeeksamen i ein periode på dagar til veker. Av denne grunn, er det igjen avgrensa til studentar frå tredje året, og fagansvarlege med ein lengre eksamens erfaring. Sjølv om vi utforskar tankane på eit mindre område, gir det oss likevel eit innblikk i kva studentane og dei fagansvarlege tenker rundt DKH.

Ved innhentinga av respondentar nytta vi fyrst ein metode der vi delte informasjon på Canvas, HIM sin digitale-plattform for studentar og fagansvarlege. Dette var for å fremme frivilligheitsprinsippet. Sjølv om to av interessentane meldte seg frivillig gjennom dette, hadde det svært låg effekt. Det kom til vår kunnskap at fleire studentar ikkje hadde fått med seg denne informasjonen. Her valte vi å ta nytte av informasjonsmetoden. Gjennom informasjonsmetoden valte vi respondentar som vi sjølv meinte ville gi oss mykje relevant informasjon. I tillegg nytta vi forslag på namn frå medstudentar og vegledar, som kunne passe vår undersøking. Dette viste meir effekt enn den førstnemnte metoden.

Sjølv om informasjonsmetoden viste gode resultat, opplevde vi likevel utfordringar med rekruttering av fagansvarlege. 7 av 8 intervju var gjennomført i slutten av mars. Det resterande intervjuet vart satt på vent ettersom at den kontakta personen takka ja, men i seinare tid slutta å respondere. Det vart i ettertid gjort fleire forsøk på å komme i kontakt med ein fagansvarleg frå ein av faggruppene. I byrjinga av mai oppnådde vi endeleg kontakt. Denne fagansvarlege har ikkje direkte tilhøyring til den resterande faglinja, men har likevel undervist studentar frå dette området.

4.0 JURIDISKE OG ETISKE UTFORDRINGAR

I ei evaluering som tek utgangspunkt i åtte personars vurderingar av ny eksamensform, er det fleire juridiske omsyn. I høve til problemstillinga har vi ikkje nokon grunn for å nytte

personopplysningar. Likevel har vi tatt kontakt med respondentane, og det i seg sjølv inneber at vi kjenner identiteten deira. Kva som definerer personopplysningar, finn ein i Personopplysningsloven art. 4 (1). Personopplysningar er «enhver opplysning om en identifiser eller identifiserbar fysisk person» namn og kontakt opplysningar går under denne definisjonen.

Vi har gjennom søknad til Norsk samfunnsvitenskapelig Datatjeneste (NSD) fått tilgang til innhenting av kontaktopplysningane. NSD «sørger for at data om mennesker og samfunn kan hentes inn, bearbeides, lagres og deles trygt og lovlig, i dag og i fremtiden» - (NSD). Med tilgang til innhenting følgjer det krav om samtykke frå respondentane. Vi har valt å ta nytte av anbefalt samtykkeerklæring (vedlegg), som er underskriven av dei 8 respondentane. Samtykkja står i samsvar med personvernloven art. 4 og 7. Ved å signere samtykkeskjemaet har «den registrerte har samtykket til behandling av sine personopplysninger for ett eller flere spesifikke formål» jf. Personvernforordningen art. 6. nr. 1 bokstav a.

Ordninga med samtykkeskjema reiser spørsmål om korleis vi skal lagre denne informasjonen. Kontaktinformasjonen er her berre nytta til å avtale møtetid med interessenten. Vi har ikkje opplevd behov for å gi informasjon om studieprogram studenten eller den fagansvarlege tilhøyrar og har heller ikkje nytte namn på interessentane. Kontakten går via mail, der det er oppretta 2-faktor autorisering for å vidare beskytte denne informasjonen. Det vil ikkje på nokon måte vere mogeleg å kople kontaktopplysningar til intervjumaterialet.

Søknaden til NSD vart godkjend 09.02.2021 med saksnummer 661394. Vi har ikkje gått utanfor det NSD har godkjent, som inneberer kunn innhenting av kontaktopplysningar, som i etterkant av undersøkinga er sletta. Under gjennomføringa og behandlinga av undersøkinga er det teken omsyn til prinsippa i personvernforordningen Art. 5.1.A, Art. 5.1.b, Art. 5.1. c og Art. 5.1e. desse omhandlar behandlinga av informasjonen.

Det føreligg tre grunnleggjande krav i forskningsetikken i Noreg; informert samtykke, krav på privatliv og krav på korrekt attgjeving. Desse tre krava har med tilhøvet mellom forskar/evaluator og dei som forskast på/ interessentane (Jacobsen, 2018 A, s. 47).

Informert samtykkje forsvarar fridommen til den som forskast på. Dette er retten til å ha kunnskap om alle farar og gevinstar med undersøkinga. Interessenten har her rett på fridom til eige val, og skal under ingen omstende oppleve noko form for press eller tvang til deltaking. I dette undersøkingsopplegget skal vi ikkje bruke gevinstar. Ved rekrutteringa nytta vi først ein metode som skulle sikre denne fridommen. Men som tidlegare nemnt hadde

denne lite effekt. Gjennom informasjonsmetoden, la vi vekt på at dette var frivillig deltaking. Det er her viktig å legge til grunn kompetansen til den som skal undersøkast. Denne problemstillinga er mest sentral ved undersøking av barn eller eldre. Undersøkinga har i dette tilfelle ein målgruppe på ein alder mellom 21 og 60 år, som enten er student eller underviser innan høgare utdanning. Det er her med *god tru* at kompetansen ligger til grunn. Likevel skal ein alltid informere deltakarane så godt som mogleg. Undersøkingssubjektet har krav på privatliv. Her er det tre element som må leggjast til grunne.

- Kor kjenslevar er informasjonen?
- Kor privat er denne informasjonen?
- Kva er sjansen for å identifisere den enkelte person?

Nokre tema kan verke meir kjenslevar for nokon, enn det gjer for andre. Personar kan finne enkelte tema svært støytande, dette er noko man må ta omsyn til. Kva som definerer støytande tema finn ein i Personopplysningsloven (Lov – 20000-04-14-31) §2, punkt 8. Undersøkinga vi har gjennomført omhandlar opplevinga av DKH. Vi er ikkje ute etter namn, alder, politisk syn, religion eller privatlivet til interessenten. Dette blir derfor ikkje gjeldande i vårt evalueringsprosjekt.

Her, som vi var inne på i jus delen, er det nødvendig å ta omsyn til identifisering. Vi skal ta utgangspunkt i fire studentar ved HIM, informasjonen om at desse går siste året på ein bachelor ved faglinjene; økonomi, sport, logistikk og jus og administrasjon er tilgjengeleg. Likevel vil sjansen for å kunne identifisere desse fire personane vere nærme umogeleg på grunn av mengda av studentar. Likevel er det eit lågare utval av fagansvarlege ved desse faglinjene. Dette er ein faktor som aukar sjansen for identifisering. Dette er ein av grunnane til at vi vel å ikkje seie noko om kva studieprogram interessenten tilhøyrar, alder og kjønn ved gjennomgangen av funna.

Krav på korrekt attgjeving er nødvendig for sjølve resultatet og respondentens tryggleik. Ved å setje eit utsegn inn i ein annan kontekst vil dette medføre ukorrekt data og gi dette ein ny verdi. I kvalitativ metodekan det oppstå utfordringar med korrekt attgjeving dersom respondenten i liten grad reflekterer rundt dei spørsmål problemstillinga reiser. Dette skal vi løyse ved å nytte ein middels strukturgrad i intervjuet. Her skal vi nytte tema og ledande-spørsmål for å sette respondenten tilbake på spor om nødvendig. Derfor er det viktig at vi som evaluatorar forklarar tema godt og best mogleg set svara dei kjem med i riktig kontekst (Jacobsen , 2018 A, s. 51).

I samband med organisasjonstilhøyring, føreligg det kjennskap mellom interessentane og oss som evaluatorar. Dette er ein etisk problemstilling, tidlegare nemnt under

kvalitativmetode og gjennomføring. Konsekvensen av dette kan vere konteksteffekt, dvs. at interessentane er påverka av oss som del av deira miljø/nettverk. Dette er noko vi, frå starten av prosjektet, var merksam på og har lagt stor vekt på å opptre profesjonelt og nøytralt i kontakt med respondentane. Ved gjennomføringa av intervju har vi ikkje ytra eigne vurderingar, og haldt fokuset på interessentens vinkling av tema.

Med saksnummer 661394, fekk vi godkjent gjennomføringa av prosjektet. Her er personvern høgst prioritert, med godt bevart personinformasjon. Etter ei samla vurdering er gjennomføringa handtert i samsvar med lovverket og NSD. Jacobsen (2018 A. s. 53) legg vekt på at det å følgje dei etiske prinsippa 'slavisk' vil gjere det nære umogeleg å gjennomføre forskning. «Derfor må kravene heller ses på som idealer, noe vi bør etterstrebe» (Løchen 1997, i Jacobsen, 2018 A, s.53). Dei etiske prinsipp er, som diskutert, ikkje ein større utfordring i denne evalueringa og er så godt det let seg gjere, teken omsyn til.

5.0 ANALYSE AV DATA

I ettertid av ei kvalitativ undersøking, sitt vi igjen med eit mangfald av ord. Spørsmålet her er korleis vi skal analysere dette, samstundes som vi tek vare på nyansane i vurderingane til interessentane? Her må vi forenkla og skape ein struktur i materiale for å kunne samanlikne dei ulike intervju. Som Jacobsen (2018 A. s. 197) skriv: «..gjennom å sammenstille intervjuer, observasjoner eller dokumenter kan det påpekes mønstre, regulariteter, spesielle avvik eller underliggende årsaker». Dette er gjort gjennom dei fire stega i kvalitativ dataanalyse; dokumentere, utforske, systematisere og kategorisere, og sammenbinde. (Jacobsen 2018 A s.199). Den sistnemnte er slutfasen der ein ser samanhengar og utmerkingar i den innsamla data. Resultatet av samanbindinga kjem i analysen.

5.1 VURDERING AV DIGITALKORTTIDSHEIMEEKSAMEN (DKH)

Med problemstillinga: «Korleis vurderer studentar og fagansvarlege sterke og svake sider ved digital korttidsheimeeksamen?» har vi gjennomført eit kvalitativt undersøkingsopplegg. Her er det teke utgangspunkt i 8 interessentar, der fire er studentar og fire er faglærarar ved HIM. Med bakgrunn i ein interessentmodell har vi vore opptekne av å få kunnskap om kva respondentane legg vekt på når dei vurderer denne forma for eksamen. Intervjuguiden blei strukturert etter fylgjande tema (vedlegg nr.2):

- Eksamensførebuingar
- Vurdering/ gjennomføring av eksamen
- Resultat
- Organisasjonen sin gjennomføring av krisetiltaket

Vi avslutta intervjuet med spørsmål om kva endringar eller forbetringar dei ynskja å sjå, om dette skulle vere eit permanent tiltak. Intervjua ga innsikt i dei individuelle vurderingane, og i den vidare analyse vert det sentralt å sjå dei ulike vurderingane i høve til kvarandre og som ei heilheit. Her vil det spesielt bli vekt lagt om studentar og faglærarar nyttar ulike kriterium og har ulike erfaringar med DKH.

5.2 EKSAMENSFØREBUINGAR

Temaet eksamensførebuingar har to vinklingar. På den eine sida får vi sjå den fagansvarlege sin oppleving av å gjennomføre eventuelle endringar av eksamensoppsett og arbeid med å førebu studentane. På den andre sida får ein eit innsyn i studentane si oppleving av eventuelle endringar i førebuingar fram til eksamen.

Som nemnt er interessentane frå ulike fagområde, dette gjer at eksamensoppsetta er forskjellige. Felles utrykte dei fagansvarlege ei større bekymring knytt til bruk av hjelpemidlar under eksamen. Her oppstod det ei utfordring rundt kva ein kan gjere annleis for å legge til rette for at studenten visar eigne kunnskapar, og ikkje berre referer frå kjeldene.

«Ein må tenkje annleis sjølv om man tek utgangspunkt i sentrale tema.» (Intervju 15. Mars 2021).

Fagansvarlege legg større vekt på å finne sentrale tema som studenten kjenner frå emnet, samstundes som oppgåva verken blir for enkel eller utfordrande. Det utfordrande er her å skape eit praktisk eksamensoppsett med omsyn til tidsaspektet på 3-6 timar.

«Ein må gjere det til en praktisk vinkling utan at det gjer det for krevjande» (Intervju 15. Mars 2021).

«Ettersom at alle kjelder er tilgjengeleg må ein opp eit hakk i krav og då kan man risikere oppgåver som blir for omfattande» (Intervju. 15. Mars 2021).

Fleire fagansvarlege tilpassa seg til DKH ved å vinkle eksamen i ein praktisk retning, der ein ikkje kan google seg fram til svaret.

«På en ordinær skuleeksamen skal dei skrive kva dei hugsar, men no må dei anvende faget» (Intervju 15. Mars 2021).

Ein fagansvarleg, som i hovudsak underviser på det abstrakte teoretiske området, løyste utfordringar ved å lage nye typar oppgåver, som ikkje kunne sporast til tidlegare eksamenssvar, samstundes som at fleire oppgåver er kjend for studenten.

Fagansvarlege svarer at dei ikkje førebudde studentane noko annleis enn tidlegare med omsyn til fagleg innhald, men at meir formelle sider kunne få større merksemd. Førebuinga består for det meste av å gå gjennom pensum og eventuelle innleveringsoppgåver som kan minne om den kommande eksamenen.

«Vi hadde jo ikkje tidlegare eksamenseksempplar å vise til, for å førebu studenten» (Intervju 15.mars 2021).

Likevel var det ved DKH eit auka fokus på kjeldetilvising, som tidlegare ikkje har vore så aktuelt på ordinær skuleeksamen. Konsekvensen av å ikkje korrekt kjeldetilvise kan vere plagiat, som då kan føre til utvisning. Dei fagansvarlege ga uttrykk for at dei ynskjer studenten det beste, samstundes som dei har ansvar for å utfordre.

«den sentrale forskjellen i førebuinga av studentar var fokuset på korleis dei skulle skrive av og referere». (Intervju 19. mars 2021).

Medan svara frå dei fire fagansvarlege i stor grad var konsistente når det gjaldt arbeid med eksamensførebuing, var det større skilnadar i opplevingane til studentane. To studentar uttrykte ein utfordring med det sosiale, etter stenginga av skulen. Tidlegare har det vore mykje eksamensførebuingar gjennom fysiske kollokvie-grupper, noko som ikkje vart mogleg etter krisetiltaket. Som ein konsekvens, opplevde fleire at førebuinga føregjekk i private heimar.

«Dårlegare eksamensførebuing med tanke på at eg heller ynskjer å sitte på skulen og ikkje heime der andre ting føregår.» (Intervju 11. Mars 2021).

«Merka dette mykje på det sosiale, når det ikkje vart kollokvie-gruppe» (Intervju 15. Mars 2021).

«Det sosiale er nøkkelen til læring. Viktig å drøfte og diskutere idear saman med andre» (Intervju 11.Mars 2021).

Når DKH vart innført oppstod det usikkerheit rundt kva eksamen kom til å vere.

«I byrjinga viste eg ikkje kor mykje vanskelegare eksamen skulle bli, og derfor førebudde er malar til eksamen, noko som viste seg å ha eit større læringsutbytte» (Intervju 15. Mars 2021).

Medan to studentar ikkje opplevde eit tilfredsstillande studiemiljø i heimane, var det ein student som uttalte dette som ‘deilig’. Denne studenten legg vekt på at dette kjem av eit komfortabelt arbeidsmiljø med ein god pult og ro.

«Eg har eigentleg kost meg.» (Intervju 16. Mars 2021).

Ut i frå intervjumaterialet, verkar dei fagansvarlege meir stødige og komfortable i sin posisjon. Det er likskap i utfordringar og planlagt utføring. Dette kjem nok frå lenger erfaring med eksamen og eit tettare samband med andre i same situasjon. Studentane er meir splitta i sine opplevingar, og sosiale og faglege tilhøve er vevd saman. Dette kan ha ein bakgrunn i den individuelle students læringsmetodar, som etter krisetiltaket vart utfordra og avgrensa. Studentar har verken like lang erfaring eller stabil ståstad med eksamen. I eit av intervjua kan ein sjå ein positiv side ved nye læringsmetodar. Her var det en student som nytta meir tid på å lage malar til eksamen, noko som resulterte i eit større læringsutbytte.

5.3 VURDERING AV EKSAMENSGJENNOMFØRING

Sjølve gjennomføringa av DKH har også ein ulik vinkling for dei to interessentgruppene. Vurdering vil her omfatte den fagansvarlege sine opplevingar av vurderingsendringa. I sensurarbeidet vil det vere snakk om å vere opptatt av fusk, plagiat, tid og hjelpemidlar. For studenten omfattar dette temaet opplevinga av sjølve gjennomføringa av eksamen; det å sitta aleine, tid og tilgang til og bruk av hjelpemidlar.

Det er ei felles vurdering blant alle fagansvarlege at dei må ta omsyn til at hjelpemidlar har vore tilgjengelege. Fleirtalet av dei fagansvarlege opplevde å nytte lengre tid på å vurdere eksamen, på grunn av dei omfattande eksamenssvara som følger av hjelpemidlar. Sjølv om desse fagansvarlege ikkje opplevde fusk, er det ei erfaring at ein må gjere tidskrevjande vurderingar.

«Der er det slik at ein får opp treff som ein må vurdere kva som er grunnen til at man får det treffet man har. Ein må vurdere fusk heile tida.» (Intervju 19. Mars 2021).

«Det blei meir arbeid i etterkant når ein måtte gå inn i oppgåver der vi hadde mistanke» (Intervju 15. Mars 2021).

Faglærarane fortalte at dei no måtte skape ein ny målestokk for kva som er innafor og kva som er kategorisert som fusk. Det vart lagt vekt på at studentane skal nytte same pensum, og det derfor er forventa at svara kan vere like, men ein stad går grensa.

«For det fyrste opplevde eg at oppgåvene blei meir like, det er mykje man hentar frå dei same kjeldene» (Intervju 15. Mars 2021).

«Ein kan sjå om det føreligg samarbeid. Det oppstod eit tilfelle der studentar sine svar vart for like. Det vart fortalt at det vart gjort eksamens førebuingar saman med eit felles notat, vi måtte tru at dette var tilfellet her. Det er jo ikkje 100% godt å vite». (Intervju 15. Mars 2021).

«Om det oppstår høg utteljing på plagiatkontrollen, må ein inn og sjå om det er korrekt referert» (Intervju 15. Mars 2021).

Samstundes legg ein fagansvarleg vekt på at fusk alltid vil vere ein freisting, og:

«Det kan fort skje om studentar ikkje er merksam på kvar grensa går» (Intervju 12. Mars 2021).

Noreg basera seg i stor grad på tillitsbaserte system, noko som ikkje er vasssett.

«Eg lagar ikkje oppgåver som gir stor moglegheit til å skrive direkte litteratur, utfordringa blir då om studentar samarbeida med andre.» (Intervju 19. Mars 2021).

«Den digitale forma må byggje på tillit» (Intervju 5. Mai 2021).

Vidare skal vi sjå på studentane sine opplevingar av sjølve eksamen, og her finn vi større grad samsvar i vurderingane enn i svara som gjaldt førebuing. Studentane har fleire vurderingar rundt stressaspektet ved DKH.

«Ein må ikkje reise på skulen og hugse ditt og datt» (Individuelt intervju. 16. Mars 2021).

«Lettare å ha eksamen heime i eit avslappa miljø, med tilgang til hjelpemidlar» (Intervju 16. Mars 2021).

«Greitt å ha moglegheita til å røyse seg når ein vil» (Intervju 15. Mars 2021).

Sjølv om DKH hadde ei positiv effekt som følgje av «eit avslappande miljø», oppstod det problematikk rundt innstillinga til studenten. Det å sitte heime på eksamen, vart oppfatta, av fleire, som røyndomsfjernt.

«Står berre opp og har kanskje pysjamasen på enno... ikkje like innstilt som på en ordinær skuleeksamen» (Intervju 11. Mars 2021)

«Tykte det var kunstig, på en måte» (Intervju 15. Mars 2021).

«Hadde ikkje kjensla av å ha eksamen» (Intervju 11. Mars 2021).

«Eg likar eksamensopplevinga med presset av andre som sitt rundt meg, eg kan bli litt for avslappa om eg sitt heime. Det kan både vere ein fordel og ein ulempe å vere avslappa, for min del var det ein ulempe når eg ikkje tok eksamen like seriøst lenger.» (Intervju 15. Mars 2021).

Sjølv om studentane, i stor grad, uttrykte vurderingar i samsvar med kvarandre, var det ein student som skilte seg ut. Studenten opplevde at eksamen ikkje lenger var eksamen.

«Personleg tykjar eg at nytta av hjelpemidlar under eksamen øydelegg for kva eksamen er. Det er ikkje lenger å lese, hugse og forstått» (Intervju 11. Mars 2021).

Fleirtalet av studentane opplevde utfordringar med tidsaspektet på ein annan måte enn dei fagansvarlege. Tidlegare heimeeksamenar er, som nemnt, gjennomført med en varigheit på dagar til veker. DKH har en tid på 3-6 timar. Det oppstod problem med å skilje kva som var forventa på DKH i forhold til tidlegare heimeeksamenar.

«Eksamensoppsetta er blitt større, noko som vert meir tidskrevjande» (Intervju 11. Mars 2021).

«Ved dei ulike faga har eg erfart at langssvarsoppgåver er meir tidskrevjande» (Intervju 15. Mars 2021).

«Dei forventar at vi skal skrive på likt nivå på DKH som tidlegare langssvars eksamenar.» (Intervju 11. Mars 2021).

Vidare vart det presentert nokre bekymringar rundt fusk. Dette kjem av at andre studentar kan ha tilgang til fleire og andre kjelder, som foreldre og vennar, noko som vil vere «urettferdig». Her er det stilt spørjemål med kva som er fusk.

«Det er ikkje lov å kontakte andre, men man gjer jo kanskje det likevel. Det er kanskje ikkje fusk så lenge du ikkje skrive akkurat det same?» (Intervju 16. Mars 2021).

«Eit negativt aspekt med DKH er at ingen kontrollerer om man fuskar» (Intervju 16. Mars 2021).

«Eg og mange andre har opplevd å bli kontakta under eksamen» (Intervju 12 Mars 2021).

Tidsaspektet var ulikt for fagansvarlege og studentar. Fleirtalet av dei fagansvarlege opplevde å nytte lenger tid på sensurarbeidet. Studentane har på si side opplevd vanskar med å skilje langtidshomeeksamenar frå DKH. Likevel vart det presentert positive sider for studenten, med mindre stress. Dette førte likevel til eit litt for avslappande forhold til eksamen. Ein sentral gjengangar er bekymringa for fusk, frå både fagansvarlege og studentar. Studentane er både opptekne av seg sjølv og kva andre gjer, i si bekymring om fusk. Det oppstår en urettferd av at andre fuskar seg til betre karakterar, medan andre ynskjer å oppretthalde det tillitsbaserte systemet med DKH.

5.4 RESULTAT

Etter å no sett på førebuing og gjennomføring av DKH , skal vi no gå over til å sjå korleis fagansvarlege opplevde resultatata og om studenten nådde forventa karakter i forhold til innsats. Her var vi ikkje ute etter sjølve eksamensresultatet til enkeltpersonar.

Det er eit klart mønster i dei fagansvarlege sine nye erfaringar med resultat. Absolutt alle fagansvarlege opplevde at det var fleire som bestod eksamen enn tidlegare, medan færre nådde toppkarakterane A og B.

«Opplevde ikkje at ein nådde betre resultat, men at ein heller kom midt på treet» (Intervju 15. Mars 2021).

Bakgrunnen til at færre studentar ikkje nådde toppkarakter var det høgare kravet ved DKH.

«Vanskeligare å oppnå toppkarakter då det er strengare krav når man har alle kjelder tilgjengeleg» (Intervju 15. Mars 2021).

Her var det to fagansvarlege som skilde seg ut. Den eine gav uttrykk for ein større bekymring for at fleire bestod. Utfordringa rundt dette er om bruk av hjelpemidlar har ført til at personar som elles ikkje ville bestått, oppnår ein ufortent grad.

«En del som slepp billeg unna» (Intervju 12. Mars 2021).

Medan den andre fagansvarlege var nøyd med at lågare stryk prosent.

«Det vart kjekkare å lese eksamenssvara når færre strauk og det var meir innhald i svara.» (Intervju 5.mai 2021)

Fleirtalet av studentane opplevde resultat som stort sett var i samsvar med tidlegare.

Likevel er det i stor grad lagt vekt på at innsatsen kunne vore betre, og at dette atterspeglar resultatet.

«Ikkje dårlegare resultat, men om innsatsen var betre så kunne eg gjort det betre. Dette atterspeglar seg i situasjonen av å sitte heime» (Intervju 11. Mars 2021).

«Eg fekk betre enn forventa, men omtrent same resultat som tidlegare» (Intervju 15. Mars 2021).

Her var det ein student som skil seg ut. Denne studenten innrømmer ein betre karakter enn tidlegare, men at det:

«Ikkje er den mest rettferdige karakteren eg har fått» (Intervju 15. Mars 2021).

Det verka som om denne studenten kjenner skam over akkurat dette.

Gjennomgåande kan ein sjå at dei fagansvarlege opplev lågare strykprosent og jamnare resultat, 'midt på treet'. Studentane legg vekt på lita endring i karakter, med innsats som grunngeving. Det var likevel to utsegn, frå student og fagansvarleg, som skil seg ut seg. Dette var i stor grad prega av tillit systemet som DKH basera seg på. Der den fagansvarlege var bekymra for ufortente grader, og studenten innrømte ufortent godt resultat.

5.5 ORGANISASJONSGJENNOMFØRINGA

Her er det spurt om kva interessentane tykjar om HIM si gjennomføring av DKH. Høgskulen måtte stenge dørene 12. mars 2020 i ein uviss periode, som følger av Covid-19, noko som resulterte i eit krisetiltak som innebar innføring av fulltids digitalundervisning og DKH.

Dei fagansvarlege viser ein større respekt for HIM sine handlingar ved første runde av stenginga. Dei legg stor vekt på at denne situasjonen var uføreseieleg, og at HIM handterte dette på ein bra måte.

«Kan alltid vere betre informasjon, men trur ikkje ein kan leggje det på skulen» (Intervju 12. Mars 2021).

«Dei var jo selvfølgelig like lite førebudd på denne situasjonen som oss» (Intervju 15. Mars 2021).

Om ein ser vekk i frå andre utfordringar rundt DKH, har ikkje dei fagansvarlege opplev den digitale utviklinga som eit større problem. Det er tidlegare erfaring med både nettundervisning og andre digital eksamenar.

«Vi har jo lang erfaring med heimeeksamen. Utfordringa vart her tid, noko som stiller spesielle forutsetningar og krav. Likevel var det ikkje noko veldig mykje større endring» (Intervju 15.Mars 2021).

Ein fagansvarleg legg vekt på at DKH er eit svært lite problem inni alt anna som skjer. Denne personen meiner at den største konsekvensen HIM har møtt på, er tapet av det tidlegare læringsmiljøet og det sosiale for studenten.

«Det digitale aspektet har vert ein mindre bagatell i forhold til pandemi-situasjonen. Eit større problem var heller det sosiale læringsmiljøet som forsvann» (Intervju 19.mars 2021).

Det er eit sentralt punkt ein annan fagansvarleg kjem med.

«For meg som oppgåvegjevar oppfatta eg ikkje dette som ei større endring» (Intervju. 5. Mai 2021).

Studentane kjenner på den same forståinga som dei fagansvarlege. Det blir vektlagt at dette var en uføreseieleg situasjon for HIM, som vart handtert på ein god måte.

«Tykte gjennomføringa var bra. Ikkje ein situasjon som er lett å løyse når det er mange studentar som vert påverka» (Intervju 11. Mars 2021).

«Dette var eit problem for heile landet. Høgskolen i Molde var raskt ute med informasjon i forhold tiltaka» (Intervju 15. Mars 2021).

Den større endringa, som fleirtalet av studentane opplevde, var det sosiale aspektet.

«Bortfallet av det sosiale læringsmiljøet har vert ein større endring» (Intervju. 11.Mars 2021).

«Eg flytta heim som følgjer av krisetiltaket» (Intervju. 15. Mars 2021).

Forelesarane opplevde ikkje ein større endring. Her må det bli vektlagt på at digitalisering er eit fenomen som er kjent for skulen. I tillegg må det takast i betraktning at deira oppgåver ikkje er endra i større grad, som oppgåvegjevar. Studentane sin kvardag er, derimot, endra i størregrad. Dei tykte likevel at handteringa av HIM vart handtert på en betre måte.

5.6 INNSPEL TIL FORBETRINGAR OM DKH SKULLE BLI EIT PERMANENT TILTAK

DKH er svaret på eksamen etter ned stenginga av samfunnet.

Ved spørsmålet om kva endringar/ forbetringar dei ynsker å sjå, var alle, utan om to studentar, klar på at DKH ikkje burde vere eit varande tiltak.

«Vanskeleg å sjå føre seg dette som eit varande tiltak» (Intervju 15. Mars 2021).

«Eg likar ikkje denne forma for eksamen, det må finnes ein betre løysing enn DKH» (Intervju 15. Mars 2021).

«Ein del av læringsutbyttet forsvinn som følger av kommunikasjon og fusk. DKH gjer at eksamen blir meir en test. Likevel ville DKH vert ideelt om ein kunne hindra fusk» (Intervju 15. Mars 2021).

Ein forelesar uttrykte at studentane måtte vere subjektet for korleis man utfør eksamen:

«Om dette blir eit varande tiltak, så må man igjennom gå alle vurderingsformane, og finne ut kva som er den mest hensiktsmessige måten å prøve ut studentane på.» (Intervju 19. Mars 2021).

DKH er heimeeksamen utført på eit kortare tidsrom, ein annan forelesar uttalte at om dette skulle vere eit permanent tiltak, så måtte DKH blitt omgjort til digital langtidsheimeeksamen.

«Om man skulle gå meir over til heimeeksamen, så må ein legge opp eksamensperioden slik at ein kan ha det over lengre tid» (Intervju 15. Mars 2021).

Her er eine studenten einig:

«Langtidsheimeeksamen er meir fullstendig, og eg får vist betre kunnskap» (Intervju 11. Mars 2021).

Ein annan løysing denne forelesaren presenterte, var å nytte munnleg eksamen som ein stikkprøve.

«Munnleg eksamen kunne ha vore en måte å betre slike eksamenar på, og gjere det tryggare med fusk og samarbeid. Dette kunne ha avslørt dette» (Intervju 15. Mars 2021).

Eine studenten som meinte at dette kunne vere eit varande tiltak, uttrykte ein ide om å skape eit betre system for gjenkjenning via interface. Medan den andre tykte DKH var eit 'ok' tiltak, generelt sett.

«Om vi skal nytte DKH så burde vi logge inn med interface, som betyr at vi berre kan nytte 'den' skjermen. Ein kan likevel ikkje kontrollere kva ein nyttar som hjelpemidlar, her burde det bli utvikla eit system for å løyse dette» (Intervju 15. mars 2021).

Fleirtalet ytra fleire idear om kva som burde bli framtida. Gjennomgåande ser fleirtalet av dei fagansvarlege eit behov for nytenking og fleire ulike typar eksamensformer.

«Eg trur eg ville delt opp og tenkt nytt om eksamen, og hatt fleire vurderingsformar» (Intervju 5. Mai 2021).

«Blant anna ein portofolie der ein prøvar å gi et samandrag av litteratur frå pensum» (Intervju 5. Mai 2021).

«Oppgåver som ein jobbar med gjennom heile kurset kunne vert ei løysing» (Intervju 19. Mars 2021).

«I nokre fag kunne ein gått over til langtids heimeeksamen» (Intervju 15. Mars 2021).

Sjølv om fleirtalet ynskja en variasjon av eksamensformer, var det likevel ein fagansvarleg som ville tilbake til den ordinære skuleeksamenen.

«Eg er ikkje glad i open-bok eksamen. Helst vil eg tilbake til ordinær skuleeksamen» (Intervju 12. Mars 2021).

Ein student ynskte å nytte arbeidskrava som eit vurderingsgrunnlag, med ein slutteksamen som tel mest på karakteren. Denne meininga kom av at studenten ynskjer ein meir stabil læringskurve der man ikkje ventar til dagen før med eksamensførebuingar.

«Eg synes det ville vert ei god løysing om arbeidskvara talde, og eksamen talde litt meir til slutt» (Intervju 15. Mars 2021).

«Det hadde vert betre med oppgåver gjennom heile semesteret. Om ein får dårlegare karakter på innleveringane, kunne slutteksamen vega opp for dette». (Intervju 15. Mars 2021).

Det er ein felles forståing blant fleirtalet at dette er eit tiltak som ikkje burde bli permanent i si noverande form. Her var det ein fagansvarleg som ynskja å gå tilbake til den ordinære skuleeksamenen. Likevel uttrykte fleirtalet at dei ynskja nye vurderingsformer.

6.0 OPPSUMMERING, DRØFTING OG KONKLUSJON

Undersøkingsopplegget har utvikla seg i løpet av arbeidet med oppgåva. Med utgangspunkt i ein interessentmodell har vi utforska kva DKH har hatt å seie for fagansvarlege og studentar ved HIM. Sjølv om fagansvarlege og studentar er dei som mest direkte vart råka av den nye forma for eksamen, så ligg her ei avgrensing som kan problematiserast. DKH hadde også effekt på fleire organisasjonsnivå, og tilsette i administrasjonen kunne også ha vore med som ei tredje interessentgruppe. Korleis studiekontoret og dei eksamensansvarlege vurderte DKH, ville ha vore ei godt grunngeva utviding, sett frå eit evalueringsperspektiv. Årsaka til avgrensinga ligg i rammene for ei bacheloroppgåve og manglande kapasitet til utvida empirisk nedslagsfelt.

Med utgangspunkt i opne intervju med fagansvarlege og studentar som alle hadde erfaringar både med tradisjonell eksamen og DKH, kunne vi gjere ei summativ evaluering. Det vil seie at vi kunne vurdere korleis DKH hadde fungert, kva som var sterke og svake sider, sett i høve til tidlegare erfaringar. I samsvar med interessentmodellen (Tornes 2012) har dei som blei intervjuet, satt eige kriterium for vurderingane. Dei har ikkje blitt presentert for operasjonaliserte skalaer når det gjeld sterke og svake sider.

I analysen ser vi svarmønstre som viser at studentar og fagansvarlege har noko ulike vurderingar. Når det gjeld kva fag den enkelte tilhøyrar, har vi av omsyn til anonymisering, ikkje kopla desse opplysningane til svara. Men i materialet som heilheit kjem det ikkje fram fagspesifikke vurderingar som tyder på at DKM har ulike verknader faga i mellom.

Tabellen under samanstiller hovudfunna på kvart tema.

Tabell 1: Oppsummering av funn

	Fagansvarlege	Studentar
Førebuing	Finne rett nivå på utfordringane. Meir vekt på formelle sider – elles likt med tidlegare	Saknar læringsmiljø, problem med motivasjon, men også eksempel på meir målretta førebuing
Gjennomføring	Tidsaspekt – med plagiatskontroll som utfordring.	Positive og negative aspekt med stress. Større bekymring for fusk – urettferd.
Resultat	Låg strykprosent. Høgare krav til å nå toppkarakter.	Lita endring i karakter – innsats som grunnlag.
Organisasjon	Nøgd med organisasjonsgjennomføringa. Ikkje større endring – kjend med det digitale.	Nøgd med organisasjonsgjennomføringa Større endring i det sosiale læringsmiljøet.
Forbetring	Ynskjer endring	Splitta - To ynskjer endring - To ynskjer dette som permanent tiltak.

I vurderinga av eksamensførebuingar presenterte fagansvarlege eit felles kriterium. Dei la alle vekt på å finne balansen mellom å utfordre studenten, samstundes at det ikkje vart for utfordrande, spesielt med tanke på tidsaspektet. I svarea kom det også fram at dei la større vekt på å førebu studentane på formelle krav (kjeldevisningar og liknande): Studentane er, under dette temaet, splitta og presenterer fleire kriterium. To studentar legg vekt på oppfatninga rundt det manglande sosiale læringsmiljøet og endring av førebuingmetodar som utfordring. Ein student opplevde eit nytt og tilfredsstillande arbeidsmiljø, medan den siste hadde ein oppfatning om endring i førebuing som positiv effekt.

Ved vurdering og gjennomføring av eksamen var det ein felles oppfatning at utfordringa ligg i tidsaspektet. Forelesarane si oppfatning var likevel basert på tidsaspektet ved plagiatskontroll, at dei sjølv måtte bruke mykje tid på å ettergå mogleg plagiering. Studentar uttrykte fleire oppfatningar; tid, stress og fusk. Dei opplevde utfordringar med å forstå kva som var forventa, og av den grunn opplevde dårlegare tid ved gjennomføringa av eksamen. Stressaspektet presenterte både sterke og svake sider. DKH førte til eit meir avslappa forhold til eksamen, noko som vart opplevd som positivt samstundes som røyndomsfjernt med ein negativ effekt. Bekymring for fusk var eit sentralt fellestrekk blant studentane. Her er det uttrykt ein større uro rundt urettferda av at medstudentar oppnår betre karakterar, i tilfeller der dei har gått over grensene når det gjeld samarbeid e.l.

Temaet resultat presenterer to kriterium. Fagansvarlege si felles oppfatning er at det er vanskelegare å stryke, samstundes som det er vanskelegare å oppnå toppkarakter. Studentane hadde her ein felles oppfatning om at det ikkje vart endring i karakterar.

Organisasjonsgjennomføringa presenterer tre kriterium. HIM sin gjennomføring vart oppfatta som bra av både studentar og fagansvarlege. Her blir dei skilde i vurderingane om dette var ein større eller mindre endring. Fagansvarlege har tidlegare erfaring med digitalisering, og sjølv om eksamenstida var den sentrale endringa, hadde dei ein felles oppfatning om at det her ikkje føreligg ein større endring. Det sosiale læringsmiljøet vart oppfatta som ein større endring for studentane.

Ved spørsmålet om dette burde bli eit permanent tiltak, og kva eventuelle forbetringar dei ynskjer å sjå, var det to sentrale oppfatningar; forbetring og endring. Her er det to studentar som opplevde DKH som eit ok tiltak, men presenterte likevel eventuelle forbetringar. Medan to studentar og fire fagansvarlege ynskja å endre eksamensforma.

Vurderingane til dei fagansvarlege er i stor grad basert på tryggleik i sin posisjon. Det er viktig å legge vekt på at denne gruppa har ein direkte kontakt med organisasjonen, som følger av tilsetting. Fagansvarlege har lenger erfaring med både eksamen og skulesystemet generelt. Digital eksamen er heller ikkje noko nytt, da ein har fleire års erfaring med innlevering av både skule- og heimeeksamen i Inspira.. Likevel oppstod det utfordringar rundt DKH. Eksamensoppgåver måtte tilpassast og vurderingane vart utfordrande. Det er her ein generell forståing om at dette tiltaket ikkje burde bli permanent.

Blant studentane var det større skilnadar i vurderingane. Dette er i stor grad basert på usikkerheit og arbeidsmiljø. Sjølv om studentane også skal ha ein direkte kontakt med organisasjonen, kan denne kommunikasjonen bli hindra av personlege årsaker. Arbeidsmiljø spelar ein stor rolle for prestasjon, og studentar har her ulike vurderingar og erfaringar når det gjeld kva eit bra arbeidsmiljø er. Det er viktig å ta høgde for at enkeltpersonar sin heimetilvære ikkje fungerer som skule. Dette skapar urettferd både ved eksamensførebuing og gjennomføring av eksamen. Eit anna sentralt aspekt er stress. Ordinær skuleeksamen var her oppfatta som svært stressande, medan studentane hadde eit avslappa forhold til DKH. Det verkar sentralt at det var ein større ubalanse mellom stress og arbeidsmiljø, i tillegg til fleire ulike vurderingar av positiv og negative sider rundt eksamen generelt. Dette reiser ei ny problemstilling. Ettersom at fagansvarlege har uttalt at det er studenten som er fokus med eksamen, korleis kan ein best mogleg tilretteleggje for fleire ulike studentar sin individuelle situasjon?

Det oppstår også urettferd med resultat. Våre data gjev eksempel på at nokre studentar prøvar å oppretthalde det etiske prinsippet om å ikkje kommunisere med andre under eksamen. Medan andre utnyttar DKH situasjonen til å kommunisere med både medstudentar, familie og venar. Dette fører til ufortente karakterar og urettferd i resultat. Denne problemstillinga atterspeglar seg i ein uttale frå den eine studenten, med ignoranse av reglement.

Denne kvalitative studien er informert av organisasjonsteori. Vi var derfor interessert i å utforske kva interessentane oppfatta som bra og mindre bra med handteringa til organisasjonen, HIM, og om DKH var ein større eller mindre endring. Alle parter uttrykte ein forståing over situasjonen HIM sto ovanfor. På grunn av dei fagansvarlege sin lenger erfaring med digitale verktøy, opplevde dei ikkje dette som ein større endring. Det må her bli lagt vekt på den eine uttalen om at det som oppgåvegivar; ikkje var større endringar i arbeidsoppgåver. Studentane opplevde heller ikkje ein større endring med digitaliseringa, men heller en endring i det sosiale miljøet. Krisetiltaket HIM stod ovanfor kan derfor vise til at det her er snakk om ein evolusjon, og ikkje revolusjon.

Sjølv om det var einigheit om at organisasjonen hadde handtert krisetiltaket på ein bra måte, var det sentralt at dette ikkje var eit tiltak som interessentane ynskja framover. Det vart gitt fleire forslag til forbetring; som eventuelle stikkprøver i form av munnleg eksamen eller gjere korttid om til langtids heimeeksamen. Hovudsakeleg uttrykte dei ynskje om å ta eit skritt tilbake, og sjå på nye typar eksamensformer med større variasjon.

7.0 VIDARE FORSKING

Etter gjennomføringa av dette evalueringsprosjektet, ser vi fleire måtar å vinkle vidare forskning. I byrjinga av krisetiltaket endra eksamensforma seg drastisk, no når vi er i en meir stabil og føreseieleg situasjon ville det vert interessant å sjå på vidareutviklinga av eksamensformene.

Dette kan gjerast i ein formativ evaluering, der ein undersøker undervegs korleis nye eksamensformer blir utvikla og iverksett.. Ettersom studentane har eit avgrensa tidsvindu når det gjeld studier og eksamen, , ville det her vere interessant å følgje på utviklinga i sektoren med utgangspunkt i fagansvarlege og administrasjonen sine utsiktspostar. Ei samanlikning mellom dei stabile elementa, som representerer organisasjonen, med nye kull av studentar som ikkje har opplevd eksamen før pandemien, ville vere ei relevant vidareføring av vårt prosjekt.

Vidare ser vi at vårt prosjekt kunne ha vore fulgt opp med meir forskning på stress og arbeidsmiljø sin effekt på eksamen.. Det fins ingen definisjon på kva som er mindre og meir stressande og kva som er eit godt arbeidsmiljø. Likevel ville det vert ein interessant vinkling å undersøkt ein større mengde studentars vurdering rundt desse elementa.

Vi har fått eit innblikk i problematikken rundt fusk. Vi skulle gjerne sett meir forskning på om det her har skjedd endringar i oppfatningar og faktisk åtferd. Ei problemstilling her kunne vore om DKH har skapt meir og andre former for fusk i sektoren på landsbasis.

Før oppstarten av prosjektet hadde vi allereie eigne erfaringar og vurderingar av DKH. Undervegs i undersøkinga tok vi omsyn til at respondentane har ulike opplevingar, og prosjektet gitt oss nye tankar. Dette viser til viktigheita av å kommunisere og evaluere. Forhåpentlegvis har vi skapt eit bilete opplevingane til studentane og dei fagansvarlege. Det er likevel viktig å ta høgde for at studentar og fagansvarlege er respondentar som talar for seg sjølve, og ikkje på vegne av avdelingane eller fagmiljøa dei kjem frå. Særleg sidan vår evaluering er kvalitativ, er det ikkje grunnlag for å generalisere funna.

Ein drøymetenking er at denne evalueringa skape diskusjon og eventuelle endringar i eksamensgjennomføringa.

8.0 REFERANSER

Bøyum-Folkeseth, Linda og Odd Anders Bøyum-Folkeseth (2012). Noen juridiske problemstillinger i tilknytning til evalueringforskning. *I Evaluering i teori og praksis*. Kristin Tornes (red) Trondheim: Akademika forlag.

Heat, Kelly. (2011, Juli). *The classical definition of a pandemic is not elusive*. WHO. Sist lest 10. Mai 2021. https://www.who.int/bulletin/volumes/89/7/11-088815/en/?fbclid=IwAR0mLQ-VU88OonSs4yIPpC1EcsAhE_9Nccw0cbq247qsyMGVM1mYLnqyMU#:~:text=A%20pandemic%20is%20defined%20as,are%20not%20considered%20pandemics

Jacobsen, Dag Ingvar. 2018, 3. utgave. *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Cappelen Damm akademisk.

Jacobsen, Dag Ingvar. 2018, 3. utgave/1. opplag. *Organisasjonsendringer og endringsledelse*. Bergen: Fagbokforlaget.

Meaghan Morris (2006) *The man in the mirror: David Harvey's Condition of postmodernity. Identity Anecdotes: Translation and Media Culture*. Ebook Central – Academic Complete. DOI: 10.4135/9781446218716.n5

Tornes, Kristin. (2012). Evaluering – definisjon og fokus. *I Evaluering i teori og praksis*. Kristin Tornes (red) Trondheim: Akademika forlag.

Tornes, Kristin. (2012). Modeller i evaluering. *I Evaluering i teori og praksis*. Kristin Tornes (red) Trondheim: Akademika forlag.

Tornes, Kristin. (red.) (2012): *Evaluering i teori og praksis*. Akademika forlag.

Aarseth, Turid (2012). Metodiske utfordringer i evalueringsstudier. *I Evaluering i teori og praksis*. Kristin Tornes (red), 139-. Trondheim: Akademika forlag.

9.0 Vedlegg

9.1.1 VEDLEGG 1: SAMTYKKJEERKLÆRING

SAMTYKKJEERKLÆRING - VEDLEGG

Du er ein av i alt åtte respondentar ved Høgskolen i Molde som blir kontakta for intervju i forbindelse med at skuleeksamen, for ei periode, har blitt erstatta med digital korttidshomeseksamen. Intervjua inngår som datagrunnlag for ei bacheloroppgåve med fylgjande problemstilling:

” [Korleis vurderer studentar og fagansvarlege sterke og svake sider ved digital korttidshomeeksamen]”?

Vi ynskjer å få kunnskap om dine erfaringar og vurderingar av denne måten å gjennomføre eksamen på. Dette skrivet gir innsikt i kva undersøkinga omhandlar, og kva deltaking inneber for deg.

Kven er ansvarleg for evalueringsprosjektet?

Mette Daldorff Jensen og Elisabeth Birkeli er ansvarlege for prosjektet. Turid Aarseth er vår vegleiar.

Kvifor får du spørjemål om deltaking?

Du er valt til deltaking med grunnlag i vårt kriterium om å vere tredje års student eller fagansvarleg ved dei valte avdelingane.

Kva inneberer dette for deg?

Om du vel å delta i prosjektet, inneberer det at du deltek i eit individuelt intervju. Intervjuet vil ha en varigheit på 30 minutt – 60 minutt, med omsyn til pausar. Intervjuets innhald omhandlar ei rekkje tema rundt eksamen, og vi kjem til å stille deg opne spørsmål. Opplysningane du gir oss vil bli nedskrivne på staden. Det vil ikkje vere mogeleg å spore opplysningane tilbake til deg.

Det er frivillig deltaking

Det er frivillig å delta i prosjektet. Om du vel å delta, har du rettigheita til å trekkje deg utan å leggje til grunn kvifor. Dette vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg. Og dine kontaktopplysningar vil då bli sletta.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og brukar dine opplysningar

Vi vil berre nytte opplysningar om deg til formåla nemnt ovanfor, og kontakt. Vi behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Elisabeth Birkeli og Mette Daldorff Jensen vil ha tilgang til dine opplysningar.
- For å ivareta dine personopplysningar vil vi omtale deg som student eller fagansvarleg. Intervjuet vil bli skriven for hand, og oppbevart innelåst – adskilt frå kontaktopplysningane
- Dei svara du gjev vil ikkje bli kopla til namn, kontaktopplysningar, avdeling eller andre opplysningar som kan rettast mot deg. Du vil ikkje kunne bli gjenkjent av dei som les oppgåva.

Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar evalueringsprosjektet?

Innsamla data vil bli sletta når prosjektet avsluttast/oppgåva er godkjent, noko som etter planen er 20.05.2021.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- Innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg, og å få utlevert en kopi av dette.
- Å få retta personopplysningar om deg,
- Å få sletta personopplysningar om deg
- Å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar

Kva gir oss rett til å behandle personopplysningar om deg?

Vi behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykkje.

På oppdrag frå Høgskolen i Molde har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket jfr. personvernsløven art. 4 og 7. Ved å signere dette samtykkje skjemaet gir du løyve til behandlinga av personopplysningane lista her Jfr. Personvernforordningen art. 6. nr. 1 bokstav a.

Kvar kan eg finne ut meir?

Om du har spørjemål til studien, eller ynskjer å nytte dine rettigheter, ta kontakt med:

- Mette Daldorff Jensen (Mette.d.jensen@stud.himolde.no)
- Elisabeth Birkeli (Elisabeth.birkeli@stud.himolde.no)
- Turid Aarseth, veileder. (Turid.aarseth@himolde.no)

Om du har spørsmålet til NSD sin vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på epost (personverntjenester@nsd.no) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med vennleg helsing

Prosjektansvarlege

Mette Daldorff Jensen & Elisabeth Birkeli

Samtykkjeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet; Korleis vurderer studentar og fagansvarlege sterke og svake sider ved digital korttidheimeseksamen, og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i individuelt intervju

Eg samtykker til at mine opplysningar behandlast fram til prosjektet er avslutta

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

9.1.2 VEDLEGG 2: INTERVJUGUIDE

INTERVJUGUIDE – VEDLEGG

For å best mogleg opne intervjuet vil vi oppnå kjennskap med interessenten og gi interessenten kjennskap til prosjektet. Vi skal presentere oss sjølve med namn og bakgrunn, og vidare ta ein gjennomgang av samtykkjeskjemaet som inneheld:

- Prosjektbeskriving
- Hensikta bak prosjektet
- Korleis vi skal nytte informasjonen
- Personvern

Respondentane må signere samtykkjeskjemaet før intervjuet startar. (Jacobsen, 2018 A, s.155)

Dette er tema vi ynskjer å få diskutert under intervjuet. Vi vil la samtalen gå av seg sjølve, men om nødvendig vil vi likevel, som tidlegare nemnt, nytte ledande-spørjemål for å få interessenten tilbake på sporet.

Tema vi skal igjennom – Forelesar:

Eksamens førebuingar:

- På kva måte forberedte du eksamensoppgåva – og studentane dine?
- Kva opplevde du som annleis i denne situasjonen? Kva var bra eller utfordrande med dette? kva tok du omsyn til ved eksamensforberedelsen
- Kva er dine tankar rundt sjølve måten å gjennomføre denne typen eksamen – studentar som sitt for seg sjølve med tilgang til alle hjelpemidlar.

Vurdering:

- Opplevde du utfordringar med vurdering av eksamen? (tid, fusk/ plagiat, hjelpemidlar)
- Har du skapt deg nokre ettertankar rundt gjennomføringa av digitaleksamenar?

Resultat:

- Opplevde du betre resultat enn tidlegare, i same fag?
- Oppstod det problematikk rundt fri nytte av hjelpemidlar?

Gjennomføring:

- Kva er dine opplevingar rundt Høgskolen i Molde si gjennomføring av krisetiltaket?
- Var dette ein større eller mindre endring?
- Var dette godt gjennomført?

Om dette skulle blitt eit permanent tiltak, kva endringar/ forbetringar ynskjer du å sjå?

Tema vi skal gjennom – Student:

Førebuing til eksamen:

- Opplevde du sentrale endringar i forbetringa? Kva tenkjer du er bra eller utfordrande med dette? (det sosiale, motivasjon og oppfølgings – aspektet)

Gjennomføring av eksamen:

- Kva var dine opplevingar rundt sjølve gjennomføringa av korttidseksamen? Kva var bra eller utfordrande med dette? kva tenkjer du om å sitte aleine og svare for deg sjølve, med tilgang til alle hjelpemidlar? Var det utfordringar med tid?

Resultat:

- Opplevde du betre eller dårlegare resultat enn forventa?

Gjennomføring:

- Kva er dine opplevingar rundt Høgskolen i Molde si gjennomføring av krisetiltaket?
- Var dette ein større eller mindre endring?
- Var dette godt gjennomført?

Om dette skulle blitt eit permanent tiltak, kva endringar/ forbetringar ynskjer du å sjå?